

PRINSIPPROGRAMMET TIL HØGRE

Kap. 1: Prinsippa til Høgre

Vi har arva eit samfunn som er ope og prega av tillit og små skilnader, eit samfunn med høg verdiskaping og med velutbygde velferdsordningar. Det er vår plikt å ta vare på og utvikle dette samfunnet vidare for framtidige generasjonar. Vi vil endre for å bevare. Med det meiner vi at vi må verne og bevare grunnleggjande verdiar knytte til menneskeverdet, demokratiet og rettsstaten. Vi må gjere nødvendige endringar i dag av omsyn til klima og miljø, økonomisk og sosial berekraft og velferda til framtidige generasjonar.

Høgre legg vekt på kontinuitet mellom fortid og framtid. Generasjonen vår er bindeleddet mellom tidlegare og komande generasjonar. Forvaltaransvaret forpliktar vår eigen generasjon til å syte for at etterkomarane våre får minst like gode vilkår som vi sjølve har.

Ein førutseieleg rettsstat, der ein vernar om dei grunnleggjande rettane til menneska, og der loven og samfunnsinstitusjonane ikkje blir undergravne eller utfordra av reine maktomsyn eller av økonomiske omsyn, er ein uunnverleg føresetnad for eit fritt og godt samfunn.

Privat eigedomsrett og ein sosial marknadsøkonomi er grunnleggjande føresetnader for eit demokrati som skaper velferd, mangfald og mogleigheter for alle. Noreg må vere ein stabil og konstruktiv internasjonal samarbeidspartner for allierte og handelspartnerar.

Konservativt verdigrunnlag

Politikken til Høgre byggjer på ein kristen og humanistisk kulturarv. Alle menneske er fødde ulike, men med same ukrenkjelege eigenverdi. Politikken har mennesket som hovudmål. Høgre meiner at eit godt samfunn blir bygd på tillit til og respekt for einskildmennesket. Samfunnet er til for å styrke einskildmennesket. Kvar einskild skal ha størst mogleg fridom til og ansvar for å forme sitt eige liv og si eiga framtid, basert på respekt for andre og for fellesskapet.

Samfunnet er meir enn staten. Det består av små og store fellesskap, frå familie og lokalsamfunn til nasjonale og internasjonale fellesskap. Høgre meiner samfunnet bør skapast og utviklast nedanfrå, basert på fridom, ansvar og mogleigheter for einskildmenneska, familiene, bedriftene, frivillige organisasjonar og lokalmiljøet. Eit berekraftig samfunn med sterke fellesskap krev gradvise, men kontinuerlege endringar nettopp for å handtere ei verd i endring. Høgre har som grunnsyn at samfunnet bør utviklast gradvis, for å bevare grunnleggjande verdiar.

Tradisjonar

Det norske samfunnet har blitt bygd gjennom generasjonar. Noreg er meir enn ei geografisk plassering; vi deler verdiar og normer. Gjennom tradisjon har desse blitt foredra og overleverte oss frå dei som var her før oss. Tradisjon gjev tilhøyrslle, fører folk nærmare kvarandre, og hindrar fragmentering.

Grenser for politikk

Samfunnet består av individ, sivilsamfunnet, marknaden og staten. Balansen mellom desse delane krev grenser for politikk. Høyre ønskjer ein sterk, men avgrensa stat som sikrar innbyggjarane grunnleggjande tryggleik, velferd og like moglegeheiter. Samtidig må staten avgrensast for å gje rom for private initiativ og løysingar gjennom marknaden og sivilsamfunnet. Einskildindivid skal få rå mest mogleg over sin eigen kvardag. Det vil seie fridom under ansvar.

Mennesket er eit sosialt vesen, og kan bare realisere moglegeheitene sine i samspel med andre. Rettar gir berre meinung når dei blir følgde av plikta til å respektere dei rettane andre menneske har. Fridom og ansvar er to sider av same sak.

Politikken til Høyre byggjer på prinsippet om fridom under ansvar. Fridom inspirerer menneske til å strekkje seg lenger, og utløyser skaparkraft i samfunnet. Det er difor viktig at samfunnet ikkje unødig regulerer og set grenser for fridomen til einskildmenneske. Samtidig har den personlege fridomen si grense der han kjem i konflikt med fridomen til andre menneske.

Vi har alle eit personleg og eit sosialt ansvar. Det sosiale ansvaret omfattar familie, vene, kollegaer, lokalsamfunn og alle som treng hjelp og støtte i kvarandan. Høyre trur at menneske som ein viser tillit og gir fridom, utviklar større evne til å ta ansvar. Fridom er difor eit vilkår for eit sterkt personleg og sosialt ansvar, og for eit varmt og inkluderande samfunn.

Ytringsfridom

Høyre vil fremje ein samfunnsdebatt som ikkje undergrev det frie ordet. Dette forsvaret for ytringsfridomen må vi verne om og halde fast ved, samtidig som vi legg vekt på å fremje ein samfunnsdebatt som ikkje undergrev det frie ordet.

Mangfold og toleranse

Høyre meiner at mangfold og toleranse er viktige verdiar for det norske samfunnet. Mangfaldet er med på å utfordre og utvikle oss. Toleranse inneber grunnleggjande respekt for skilnader relaterte til kjønn, alder, nasjonalitet, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk og kjønnsidentitet. I det norske samfunnet har vi ein høg grad av tillit til kvarandre. Gjensidig respekt og toleranse er avgjerande for å ta vare på denne tilliten også i framtida.

Mangfold står ikkje i motsetnad til fellesskap. Eit samfunn med mangfold må byggje på nokre felles verdiar, normer og tradisjonar. Respekten for det å vere annleis må ein halde fast ved og verne. Høyre skal sikre kvar og ein av oss retten til å vere annleis.

Likestilling

Likestilling er eit verdfullt kjenneteikn ved det norske samfunnet, som vi må ta vare på og fremje. For Høyre handlar likestilling om likeverd og like moglegeheiter for alle. Det er ikkje eit mål at alle skal velje likt, men at alle har like høve til å ta del i og utvikle samfunnet. Høyre har som langsiktig mål at familiene sjølve skal få fordele foreldrepermisjonen.

Valfridom

Valfridom er nødvendig for å realisere retten einskildmennesket har til å ta ansvar og forme sitt eige liv. Det har ein eigenverdi at menneske kan gjere eigne val uavhengig av livssituasjon og bakgrunn. Det er difor eit mål at menneske i størst mogleg grad skal

kunne rå over sitt eige liv. Valfridom har ein verdi i seg sjølv, og er i tillegg viktig for å sikre eit tenestetilbod som er tilpassa ulike behov. Ein må difor leggje til rette for eit mangfald av tenester i offentleg og privat sektor.

Rettsstat

Rettsstaden skal ta vare på rettane til einskildmennesket og mindretallet og sikre grunnleggjande fridomar og menneskerettar som religionsfridom, ytringsfridom, privatliv, privat eigedomsrett og likskap for loven. Rettsstaden skal også setje grenser for den politiske makta til fleirtalet. Mindretalsvern og respekt for rettane til mindretala er avgjerande i eit liberalt demokrati. Dette er viktig for å bevare tilliten som eksisterer mellom menneske i eit demokratisk samfunn.

Myndigrettsalderen bør samsvare med røysteretsalderen. Det bør vere éin myndigrettsalder, på 18 år, og få statlege aldersgrenser ut over det. Høgre ønskjer eit samfunn bygd på ein sterk rettsstat, prinsippet om at ein er uskuldig inntil det motsette er bevist, og rettstryggleik for innbyggjarane. Ei viktig oppgåve for ein liberal rettsstat er å verne einskildmenneske og minoritetar mot overgrep og vilkårleg behandling. Høgre ønskjer at hatkriminalitet skal vere skjerpende ved straffeutmåling.

Eigedomsrett

Retten til eigedom er grunnleggjande for eit godt samfunn. Han gir tryggleik for den einskilde, og fremjar ansvar og skaparkraft. Inngrep i eigedomsretten, til dømes gjennom skattlegging, ekspropriasjon eller regulering, krev difor ei særskild grunngjeving. Sjølveigardemokratiet er ein styrke for det norske samfunnet, og ein viktig del av det er at alle skal kunne eige sin eigen bustad, og at fleire skal kunne bli medeigar i si eiga bedrift.

Sosial marknadsøkonomi

Økonomien og marknadene blir skapte av sivilsamfunnet, dei ulike fellesskapene, bedriftene og den einskilde. Marknadene bør vere så frie og opne som råd er, med lågast mogleg grad av offentlege inngrep. Staten har plikt til å forvalte ressursane til fellesskapet så effektivt som råd er. Høgre er eit marknadsvenleg parti, og ønskjer ein sosial marknadsøkonomi som det styrande prinsippet for organiseringa av norsk økonomi. Marknadsøkonomien fordeler økonomisk makt på fleire hender og sikrar deltaking av mange.

Maktspreiing

Det norske demokratiet er bygd på maktfordelingsprinsippet. Ein person eller institusjon skal ikkje kunne ta seg til for stor makt. Høgre ser på maktspreiing som ein viktig verdi for heile samfunnet og heile landet. Økonomiske og politiske makkonsentrerasjonar må ein unngå gjennom å spreie makt og sikre velfungerande konkurranse. Makt og ansvar bør plasserast så nær den einskilde, familien og lokalsamfunnet som råd er. Høgre vil føre ein konkurransepolutikk som hindrar monopol og makkonsentrasjon.

Personvern

Kvart einskild menneske har krav på vern av privatlivet sitt, både mot private interesser og offentlege styresmakter. Teknologi utvidar kraftig høvet til å samle og bruke informasjon om einskildpersonar. Høgre vil sikre eit sterkt personvern med klare og strenge grenser for registrering, bruk og utlevering av personopplysningar. Overvaking må ein berre ta i bruk dersom det er strengt nødvendig av omsyn til vitale

samfunnsinteresser. Alle menneske eig personopplysingane sine. Retten til privatliv og personvern må sikrast i alle delar av samfunnet.

Statsform

Det konstitusjonelle monarkiet har vist seg som ei samlande og levedyktig statsform. Høgre ønskjer difor å halde på monarkiet.

Kap. 2: Sosial berekraft

I eit liberalt demokrati som det norske vil det vere eit mangfald av meininger og verdiar. Samtidig er det nokre felles verdiar, slik dei har utvikla seg gjennom norsk historie, som utgjer ein grunnmur for samfunnet vårt. Ein må hegne om verdiar som tillit, openheit, frivillig engasjement, private initiativ, likestilling og små skilnader mellom folk. Andre viktige kvalitetar ved det norske samfunnet er eit levande folkestyre med nærliek til dei som tek avgjerder, og at avstanden mellom makt og folk ikkje blir for stor, korkje i det offentlege eller på arbeidsplassen.

Fridom og fellesskap, tillit og samhald

Politikken til Høgre spring ut av eit liberalkonservativt grunnsyn, der einskildmenneske skal ha fridom til å tru, meine og leve i tråd med si eiga overtyding. Staten må leggje til rette for denne fridomen og ikkje regulere private forhold meir enn nødvendig. Det kulturelle og religiøse mangfaldet i samfunnet er ei naturleg følgje av desse fridomsverdiane.

Sosial og økonomisk berekraft kan ikkje sikrast av berre privat ansvar, men krev òg felles velferdsordningar, som igjen er avhengige av tillit og samhald. Dersom skilnader i levekår aukar, og fleire fell utanfor, samtidig som nokre få får det betre, trugar det den sosiale berekrafta i samfunnet. Vi må ta vare på eit samfunn der skilnadene mellom folk ikkje blir for store, og der alle kan delta.

Høgre meiner at tillit til og oppslutning om normene og velferdsordningane i samfunnet krev fellesskap og møteplassar. Segregering langs til dømes økonomiske, geografiske, kulturelle eller religiøse skiljelinjer utfordrar dette, og må motverkast.

Moglegheiter for alle

Eit samfunn bygd på likeverd og god sosial mobilitet sikrar ein gjennom arbeid, god folkehelse og gode tilbod som barnehage og utdanning. Offentlege institusjonar og tenester skal fremje likeverdige vilkår for alle. Vi har eit særskilt ansvar for å inkludere og ta vare på sårbare grupper i samfunnet. Politikken har som oppgåve å motverke at fattigdom går i arv.

Likestillingspolitikk skal ikkje fremje resultatlikskap, men sikre at alle har same moglegheiter, rettar og plikter. Staten har som oppgåve å sikre alle like moglegheiter, samtidig som ein må respektere ulikskap og det livsvalet den einskilde gjer.

Utanforskap kjem ofte av mangel på utdanning og arbeid eller som følgje av fattigdom og eksklusjon. Alle skal kunne ta høgare utdanning uavhengig av bakgrunn, økonomi og bustad. Ein aktiv inkluderingspolitikk inneber at dei som fell utanfor, får ein ny sjanse. Staten må aktivt fremje toleranse og kjempe mot diskriminering og rasisme.

Sivilsamfunn

Det sjølvstendige og sjølvhjelpte mennesket er best i stand til å ta ansvar for seg sjølv og andre. Høgre meiner at alle menneske har eit sjølvstendig ansvar for sitt eige liv. Det skal vere ein høg terskel for at det offentlege skal ta frå einskildindivid dette ansvaret. Den sosiale berekrafta blir styrkt av eit aktivt samfunnsengasjement hos den einskilde. Dersom det offentlege tek over oppgåver som naturleg høyrer inn under det personlege ansvaret til den einskilde, kan det redusere ansvarskjensla og sjølvrespekten mennesket kjenner, og føre til mindre personleg initiativ og tryggleik.

Mennesket høyrer naturleg til og er forankra i opphavet sitt, familien sin, i vår kulturelle fellesarv og i nedarva kunnskapar. Individet har rett til å verne om seg sjølv og denne forankringa. Høgre meiner at familien utgjer det viktigaste fellesskapet i samfunnet, uavhengig av om familiemönster og samlivsformer er i stadig endring.

Mangfaldige velferdstenester

Velferdssamfunnet er meir enn staten. Velferda blir skapt i eit samspel mellom privat, frivillig og offentleg sektor. Dei norske velferdstenestene er i stor grad baserte på skattefinansierte universelle ordningar, men òg målretta ordningar for dei som treng det mest. Velferdsordningar må utviklast i takt med endringane i samfunnet for å kunne vere rettferdige og berekraftige.

Høgre ønskjer mangfold innanfor velferdstenestene. Mangfold fører til innovasjon, og set individua i stand til å velje mellom tilbod og tenester som er tilpassa behova deira. Ein må difor legge til rette for private og ideelle aktørar i tillegg til tilboda frå det offentlege, og sikre fritt brukarval innanfor viktige velferdstenester. Det er eit politisk ansvar å legge til rette for innovasjon og sosial entreprenørskap.

Likeverd og inkludering

Alle som bur i Noreg, skal ha like høve til å bidra til og ta del i fellesskapet, uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn, seksuell orientering og funksjonsevne. Likestillingspolitikk skal ikkje fremje resultatlikskap, men sikre at alle har same moglegheiter, rettar og plikter. Staten har som oppgåve å sikre reelle like moglegheiter, men samtidig må ein respektere ulikskap og det livsvalet den einskilde gjer. Statlege tiltak som gjev fordelar eller favoriserer einskilde grupper, bør òg avgrensast. Fordelar for nokre blir ulempar for andre. Høgre meiner difor at kvotering og statlege tiltak som gjev fordelar eller favoriserer einskilde grupper, bør avgrensast.

Fri forsking og immateriell eigedomsrett

Forskinga skal vere fri og politisk uavhengig. Politikken må avgrense seg til fordeling av ressursar og definering av etiske grenser for forsking og bruk av forskingsresultat. Det er viktig å halde på fridomen til forskings- og kulturinstitusjonane og bidra til alternative finansieringsmåtar ut over offentlege budsjett.

Eigedomsretten er eit uttrykk for at ein er personleg uavhengig, og for at staten har avgrensa makt. Eigedom er òg ein føresetnad for all marknad. Det gjeld òg immateriell eigedom.

Migrasjon og integrering

Noreg har plikt til å hjelpe menneske i naud og gje vern mot forfølging. Høgre vil føre ein streng, rettferdig og førutseileg flykting- og asylpolitikk, Det legg eit godt grunnlag for å lykkast med integreringspolitikken.

Dei som kjem hit, skal få eit godt utgangspunkt for å etablere eit nytt liv i Noreg. Språkopplæring, kvalifisering, kjennskap til det norske samfunnet og respekt for verdiane våre er avgjerande føresetnader for god integrering. Menneske med lovleg opphold skal møte forventningar om å bidra og ta del i det norske samfunnslivet. Ein god integreringspolitikk vil òg seie at ein tek alvorleg utfordringane til minoritetsungdom og andre som står i spenningsfeltet mellom to kulturar. Alle som lever og bur i Noreg, skal ha rett til å rå over sitt eige liv, og ingen skal utsetjast for negativ sosial kontroll.

Internasjonalt samarbeid er nøkkelen til å motverke at menneske må flykte. Det er òg sentralt for å få og halde kontroll over yttergrensene i Europa og stabilisere dei urolege nærområda til Europa. Noreg skal bidra aktivt i internasjonale prosessar for å fremje tiltak som støttar opp om kontrollert og regulert migrasjon, og avgrense talet på migrantar som kjem hit irregulært, og som ikkje treng vern eller anna grunnlag for lovleg opphold.

Kvar einskilt land har rett til å regulere innvandringa si og ha kontroll over kva for krav som bør stillast for å få kome til landet. For å bevare asylinstituttet og evna og viljen til å ta imot menneske som treng vern i samfunnet vårt, må vi vurdere kven som treng vern av oss. Dei som ikkje treng vern, må returnerast.

Urfolk og nasjonale minoritetar

Samar og nasjonale minoritetar i Noreg skal få utvikle sitt eige språk, sin kultur og sitt samfunnsliv. Samane har status som urfolk i Noreg. Som nasjonale minoritetar reknar vi jødar, kvenar/norskfinnar, skogfinnar, romanifolk/taterar og romfolk. Språket og kulturen til samane og dei nasjonale minoritetane er med på å skape eit positivt mangfald, som skal ha rom for å eksistere og utvikle seg i storsamfunnet.

Bioteknologi

Høgre legg til grunn at alle menneske har ein ibuande og ukrenkjeleg eigenverdi. Av det følgjer det at alle menneske har same verdi, uavhengig av eigenskapar, evner og funksjonsnivå. Menneskeliv kan difor ikkje graderast eller rangerast. Det følgjer òg av dette at ingen menneske skal brukast som middel for andre menneske. Den einskilde skal ha stor fridom i private spørsmål. Høgre legg til grunn at det er legitimt å regulere forhold som òg grip inn i rettane til andre menneske og andre viktige samfunnsomsyn, som vern av rettane til barn og omsynet til livsvilkåra til framtidige generasjonar.

Høgre ser positivt på at genterapi og genredigering kan gje betre medisinsk behandling av ei rekke sjukdomar og tilstandar. Høgre vil ikkje tillate genterapi og genredigering som ikkje har eit medisinsk formål, men berre tek sikte på å forbetre menneskelege evner og eigenskapar. Genterapi i kjønnsceller, embryo eller befrukta egg som inneber varige endringar i arvelege anlegg, utgjer eit stort etisk dilemma, på grunn av ein potensiell risiko for uoverskuelege og uheldige konsekvensar for framtidige generasjonar.

Høgre ser positivt på dei teknologiske framstega som gjer det mogleg for ufrivillig barnlause å få barn. Einskildmenneske bør ha stor fridom til sjølvé å forme familielivet sitt og ta val for seg sjølvé og sine. Reguleringa på dette området må likevel også ta utgangspunkt i dei rettane og det behovet for vern barnet har. Høgre meiner at tilbodet om assistert befrukting må utvidast til einslege dersom vilkåra for å gje barnet trygge og gode oppvekstkår er oppfylte i det einskilde tilfellet. Eggdonasjon kan gjere det mogleg for kvinner og par med fertilitetsproblem å få eigne biologiske barn. Eggdonasjon må, som ved sæddonasjon, bare tillatast med kjend donor. Foreldre til barn som er fødde etter egg- eller sæddonasjon, pliktar å fortelje barnet om det så snart det er tilrådeleg. Vilkåra for eggdonasjon må regulerast.

Fosterdiagnostikk kan gje viktig informasjon om helsetilstanden eller dei genetiske eigenskapane til eit foster. Dette må skiljast frå undersøkingar som er ledd i svangerskapsomsorga, til dømes rutinemessig ultralydundersøking. Høgre meiner at det framleis skal vere tilbod om rutinemessige undersøkingar som ledd i svangerskapsomsorga, der målet er å følgje utviklinga til barnet. Det offentlege skal ikkje leggje til rette for rutinemessig screening av eigenskapar, tilstandar eller sjukdom hos eit foster dersom det ikkje finst ein særskild risiko som tilseier at det bør gjerast.

Menneskeverd

Menneske er fødde ulike, og alle har same verdi. Likeverd inneber å sikre like vilkår for personleg utvikling, deltaking og livsutfaldning for alle.

Respekten for menneskeverdet gjer at Høgre meiner alle har rett til ein verdig død, men seier nei til aktiv dødshjelp. Alle skal oppleve tryggleik og få ei verdig avslutning på livet, med god, lindrande pleie.

Spørsmål om svangerskapsavbrot gjeld både prinsippet om sjølvråderett og retten til liv. Lovgjevinga vi har i dag, sikrar ein føremålstenleg balanse mellom desse omsyna.

Fellesskapet kan aldri ta frå einskildmennesket dei grunnleggjande rettane det har. Alle menneske har rett til å be om hjelp når dei treng det, også når det skjer i form av tigging.

Retten til eit fritt liv inneber også at ingen har rett til å eige eit anna menneske. Høgre er imot alle former for slaveri og menneskehandel, og er ein forkjempar for retten mennesket har til å eige sin eigen kropp. Det inneber ein grunnleggjande rett til å ta val om sin eigen kropp, kjønnsidentitet og seksualitet og si eiga reproduktive helse.

Høgre ønskjer eit offentleg tryggingsnett og eit system der samfunnet hjelper menneske som fell utanfor. Difor bør ruspolitikken styrast etter prinsippet om skadereduksjon, opplysning og hjelp – ikkje straffa.

Kap. 3: Økonomisk berekraft

Økonomisk berekraft er avgjeraande for å sikre velferdsordninga som gjev kvar einskild fridom, moglegheiter og tryggleik. Kvar generasjon har ansvar for å sikre at den neste får eit minst like godt utgangspunkt som vi har fått. Politikken må difor innrettast slik at vi tek vare på berekrafta i velferdssamfunnet.

Høg arbeidsdeltaking er eit vilkår for velferda. Det inneber at det må stillast krav om arbeidsdeltaking til alle som kan bidra. Velferdsordningar må i større grad stimulere til arbeid, og må jamleg vere gjenstand for vurderingar med det som utgangspunkt. Offentleg regulering må leggje til grunn at ingen skal kunne velje å ta imot offentlege ytingar dersom dei kan ta del i og bidra i arbeidslivet, ikkje heller av religiøse eller kulturelle årsaker. Det bør difor stillast krav til aktivitet for å ta imot offentlege ytingar når det er mogleg.

Av omsyn til framtidige generasjonar og berekrafta i velferdssamfunnet vil det vere avgrensa rom for nye dyre velferdsordningar. Målretta ordningar for dei som treng det mest, må difor prioriterast framfor nye generelle ordningar. Samtidig skal vi ha eit skattesystem som gjer det attraktivt å jobbe meir.

Skape lønsame jobbar

Økonomisk stabilitet og vekst er avgjeraande for å sikre tryggleik for den einskilde og for å gjere velferdssamfunnet berekraftig over tid. Det er vår felles arbeidsinnsats som er berebjelken i ein stabil økonomisk vekst. Høgre er for eit reelt trepartssamarbeid og eit godt organisert arbeidsliv. Samtidig godtek Høgre at arbeidstakrar vel å vere uorganiserte.

Lønsame bedrifter er eit vilkår for trygge arbeidsplassar. Det må leggjast til rette for at fleire kan vere medeigar i sin eigen arbeidsplass. Gode vilkår for gründerar og sjølvstendig næringsdrivande vil òg føre til etablering av fleire trygge arbeidsplassar i heile landet. Arbeidsplassane i offentleg sektor er avhengige av lønsame, private bedrifter som genererer skatteinntekter. Samtidig er ein velfungerande offentleg sektor òg viktig for private arbeidsplassar.

Noreg har rike naturressursar på land og i havet, som har vore forvalta på ein god måte. Det har skapt grunnlag for verdiskaping, arbeidsplassar og busetjing i heile landet gjennom generasjonar. Norsk fornybar energi vil òg framover vere viktig for verdiskaping, arbeidsplassar og busetjing.

Arbeidsplassar er ein viktig føresetnad for busetjing. Næringspolitikken er difor ein berebjelke i distriktpolitikken. Omstilling, innovasjon og gründerskap vil stå sentralt for å skape stadig nye, lønsame arbeidsplassar. Norske bedrifter treng gode og førutseielege rammevilkår. Eigalar og bedrifter bør ha minst mogleg særnorske byrder når dei skal konkurrere med utanlandskeigde bedrifter. Skatt på norsk privat eigarskap og dermed på norske arbeidsplassar skal reduserast. Formuesskatten bør på sikt fjernast heilt.

Ein må leggje vinn på å få eit breiare skattegrunnlag og lågare satsar i utviklinga av skattesystemet. Skattesystemet i framtida må òg tilpassast endra verksemdsformer. Skattesystemet bør innrettast slik at det fremjar klima- og miljøvenleg åtferd og stimulerer til arbeid og investeringar i norske arbeidsplassar. Staten skal ikkje engasjere seg i kommersielle interesser og produksjon av varer og tenester der det er mogleg å etablere ein fungerande marknad utan statleg medverknad. Unntak frå dette må ha ei særskild grunngjeving. Den statlege eigarskapen i næringslivet er stor i Noreg, og har til dels historiske årsaker. Høgre ønskjer større maktspreiing, og vil leggje til rette for ein størst mogleg privat eigarskap. Det gjeld særleg selskap der staten berre har forretningsmessige mål for sin eigarskap, og der det ikkje ligg føre marknadssvikt.

Høgre ønskjer òg å gjere norsk næringsliv mest mogleg uavhengig av direkte subsidiar frå det offentlege. Staten skal drive ein offensiv politikk for auka verdiskaping, og det aller viktigaste er å leggje eit godt grunnlag gjennom skole, utdanning og forsking, moderate skattar, stabile rammevilkår og utbygging av nødvendig infrastruktur.

Redusere utanforskapen

Eit godt og velorganisert arbeidsliv er ikkje berre produktivt, men òg inkluderande. Den største sløsinga med ressursar er at menneske blir ståande utanfor arbeidslivet. Eit godt arbeidsliv gjer det mogleg å ta del uavhengig av psykiske eller fysiske utfordringar. Offentlege og private arbeidsplassar og sivilsamfunnet må ta ansvar for at flest mogleg får ein ny sjanse i arbeidslivet. Det skal alltid løne seg å jobbe.

Digitalisering og automatisering

Bruk av digitale løysingar og innovativ teknologi forenklar kvardagen for folk, utviklar velferda vidare, skaper nye jobbar, og kan vere med på å sikre eit berekraftig samfunn. Det må leggjast til rette for at marknaden kan få fram dei beste løysingane.

Delingsøkonomien har utvikla nye marknader med lågare tersklar for etablering enn mange eksisterande tenestetilbod. På ein positiv måte bidrar han til å gjere det enklare å dele ressursar. Lovverket må tilpassast denne utviklinga.

Digitalisering og automatisering gjev oss store gevinstar gjennom betre og meir brukarretta tenester og auka produktivitet. For eit høgkostland som Noreg er dette viktig. Samtidig må dei negative konsekvensane for einskildmenneske handterast slik at ulempene ikkje blir større enn fordelane. Digitaliseringa utfordrar det tradisjonelle arbeidslivet. Det vil seie at vi må tilpasse rammene i arbeidslivet til denne utviklinga. Offentlege tenester bør òg i større grad sjå om det er mogleg å gjere kvardagen til brukarane betre ved å nytte digitale og teknologiske løysingar for eit meir effektivt og inkluderande samfunn.

Automatisering kan føre til at fleire mistar jobben. For andre vil arbeidsoppgåvene bli endra. Automatisering vil òg føre til at mange nye jobbar blir skapte, i tillegg til ein stor vekst i tradisjonelle yrkesgrupper retta mot digitalisering. Vi må unngå at nokon «går ut på dato» på grunn av manglande kunnskap eller kompetanse. Difor har arbeidsgjevarsida, arbeidstakarane og det offentlege i fellesskap eit ansvar for å lyfte kompetansen hos arbeidstakarane.

Vår digitale tryggleik

Teknologisk utvikling medfører utfordringar knytte til tryggleik og personvern. Høgre legg til grunn at etikk og verdiar skal setje rammene for bruk av teknologi. Samtidig må ein òg drøfte og avvege etiske omsyn og verdiar i lys av samfunnsutviklinga og dei moglegheitene teknologien gjev.

Noreg må ha eit effektivt og heilsleg forsvar mot dei aukande utfordringane knytte til digitale truslar. Det må leggjast til rette for at nasjonale styresmakter og aktørar som følgjer norsk lov og tryggjar personvernet, blir sikra høve til å gjere seg nytte av stordata og utvikle ny kunnskap og konkurransedyktige tenester. Bruk av stordata kan både gje kommersielle moglegheiter og styrke viktige samfunnsoppgåver. Staten skal ikkje ha eit generelt høve til å lagre eller nytte overskotsinformasjon.

Effektiv offentleg sektor

Offentleg sektor er til for å løyse viktige fellesoppgåver. Ein effektiv offentleg sektor skaper legitimitet og tillit hos folk. Av omsyn til skatteinntekta, som finansierer offentleg sektor, må oppgåvene løysast på ein så effektiv måte som råd er. Det påleggjett offentleg sektor har om administrative byrder på næringslivet og privatpersonar, bør avgrensast til det høgst nødvendige. Ein effektiv offentleg sektor vil vere ein konkurranseføremøn for norske verksemder og føre til eit lågare skatte- og avgiftsnivå.

Høgre ønskjer eit samfunn som blir utvikla nedanfrå, og vil difor desentralisere makt og ansvar. Eit sterkt lokalt sjølvstyre set kommunane betre i stand til å løyse dei store velferdsoppgåvene. For å sikre innbyggjarane likeverdige og gode tenester er det nødvendig med større kommunar, som har kompetanse og kapasitet tilpassa det ansvaret kommunane har. Vi meiner at to forvaltningsnivå er nok i Noreg. Ei kommunereform krev god lokal forankring, men det er Stortinget som til slutt skal ta avgjerdene om lokal inndeling.

Nye digitale betalingsmåtar byr på mogleigheter og utfordringar. På den eine sida kan pengar overførast mellom menneske og bedrifter på tvers av heile verda på få sekund, på den andre sida kan teknologien skjule finansiering av ulovlege handlingar og unndraging av skatt. Høgre er positiv til ny teknologi som blokkjede og kunstig intelligens, men han må regulerast i takt med tida.

Stå lenger i arbeid

Stadig fleire eldre har evne og vilje til å bidra i samfunnet òg etter normal pensjonsalder. Alder i seg sjølv skal ikke gje grunn til oppseiling. Det bør difor ikkje vere aldersgrenser i arbeidslivet. Det er nødvendig at pensjonssystemet blir oppdatert. Særaldersgrenser må fjernast, og oppteninga av pensjon må tilpassast det at det blir mogleg å arbeide lenger.

Lågare skattebyrde

Skatt er eit viktig verkemiddel for å finansiere våre felles velferdstenester, drive sosial utjamning og syte for at vi alle er trygge og sikre. Samtidig er skatt eit verkemiddel som grip inn i den private eigedomssretten. Eit lågare skatte- og avgiftsnivå fører til auka økonomisk sjølvstende for den einskilde og familiene, og stimulerer til arbeid og jobbskaping. Høgre ønskjer difor lågare skattar.

Å få behalde meir av eigne pengar gjev meir velferd for den einskilde og for familiene. For å motivere til at fleire vel å få barn, må det leggjast til rette for gode ordningar og valfridom for barnefamiliene. Tiltaka frå staten bør fremje yrkesdeltaking og likestilling.

Pensjonsfondet

Statens pensjonsfond utland er eit verkemiddel for å fordele petroleumsinntektene over mange generasjonar. Bruken må difor avgrensast til realavkastninga, slik at verdiane i fondet består. I forvaltninga av fondet skal hovudformålet vere å oppnå ei høgst mogleg finansiell avkastning innanfor ein akseptabel risiko.

Fondet er langsiktig, og den langsiktige avkastninga blir svekt om selskapa tek seg til kortsiktig profitt som går ut over samfunnet, til dømes ved å gjere skade på miljøet,

bryte universelle menneskerettar eller internasjonale konvensjonar. Difor bør vi som langsiktig eigar fremje verdiar og avgjerder som tener langsiktig verdiskaping, som òg kan utvikle den internasjonale finansmarknaden i ei positiv retning.

Kap. 4: Kulturell berekraft

Kulturpolitikken til Høgre skal balansere to omsyn: å bevare kulturarven og danningsideal og å ha eit kulturliv med minst mogleg statleg innblanding. Vi ønskjer ein balanse mellom desse to omsyna. Kulturen skal vere fri og politisk uavhengig.

Ytringsfridom og tryggleik for innbyggjarane til å kunne praktisere han er mellom dei mest sentrale verdiane demokratiet har. Kunsten skal vere fri. Det er eit mål at fleire kunstnarar skal kunne leve av si kunstnarlege verksemd.

Staten skal ikkje ha ein religion. Av historiske grunnar er likevel Den norske kyrkja i ei særstilling mellom trus- og livssynssamfunn.

Det norske språket er den fremste beraren av vår felles identitet, og må få nødvendig vern og bevarast gjennom aktiv bruk.

Kultur

Kultur, idrett og frivillig deltaging gjer livet til menneske rikare. Kunst og kultur forankrar oss i vår felles historie, utfordrar oss og opnar opp for det ukjende. Høgre ønskjer eit kulturliv prega av nyskaping, kvalitet og talentutvikling. Det krev sterke kulturinstitusjonar, auka mangfald av aktørar og god talentutvikling. Vi må ta vare på den norske kulturarven.

Idretten er den største folkerørsla i Noreg. Deltaking bidrar til god folkehelse og inkludering. Frivillig innsats skaper lokalt engasjement og fellesskap. Høgre ønskjer å legge til rette for størst mogleg frivillig engasjement i idrett, frilufts- og kulturliv. Gjennom frivillig innsats oppnår vi sosial tillit, inkludering og kvardagsintegrering. Økonomisk situasjon og sosial bakgrunn skal ikkje vere til hinder for deltaking og frivillig innsats.

Kulturarven er ein del av den identiteten ein nasjon har, og skaper tilhøyrslse. Eit mangfoldig kunst- og kulturliv bidrar i samfunnsdebatten, kan verke som eit korrektiv, og gjer livet til menneska rikare. Kulturlivet utfordrar og påverkar den norske kulturen. Kunsten og kulturen i samtida er morgondagens kulturarv. Kulturlivet må utviklast på eigne premissar og vere fritt.

Kunnskap om eigen kultur gir tryggleik og gode føresetnader for å møte dagens mangfold av impulsar utanfrå på ein sjenerøs og konstruktiv måte. Kulturarv handlar om vern, bevisstgjering og om at arven blir brukt i ny verksemd. Høgre meiner at ein tek best vare på kulturarven gjennom bruk og forvaltning. Kunnskap blir òg best teken vare på gjennom bruk, spesielt nedarva kunnskap om folkekulturen og handverkstradisjonane. Evna vår til samfunnsdeltaking er særleg knytt til språket. Godt språk er difor ikkje berre ei kulturpolitisk målsetjing, men ein føresetnad for vår deltaking i demokratiet.

Medium

Eit ope og opplyst demokrati treng ei fri presse med sterke og uavhengige redaktørstyrte medium. Kritisk og undersøkjande journalistikk og nyheitsformidling frå ulike samfunnsområde er nødvendig for å opplyse borgarane og fremje gode demokratiske avgjerder og ein god offentleg samtale. Innsyn i offentleg sektor er av stor demokratisk verdi. Det er viktig å avdekke ressursmisbruk og maktmisbruk.

Pressa skal vere fri, og staten skal leggje til rette for eit reelt mediemangfald. Ein god og framtidssretta mediepolitikk skal stimulere til innovasjon og nyskaping og samtidig halde oppe tradisjonane og grunnverdiane til den frie pressa. Mediestøtta må vere førutseieleg, ubyråkratisk og plattformnøytral. Den teknologiske utviklinga gjer det mogleg for store, globale selskap å ha forretningsmodellar som baserer seg på omfattande innhenting av personopplysningar frå kvar einskild brukar. Søkjemotorar, netthandel og medium blir skreddarsydde for kvar einskild brukar. Det kan føre til at vi får ein svært snever tilgang på informasjon, utan at vi sjølve er klar over det. Høgre meiner det er nødvendig å regulere måten persondataa våre blir registrerte og nytta på.

Det er viktig med eit ikkje-kommersielt allmennkringkastingstilbod av høg kvalitet, som når ut til heile landet. NRK skal bidra til å ta vare på det norske språket og ha eit stort spekter av både smalt og breitt innhald. Det samiske språket er ein viktig berar av den felles identiteten til samane og av kulturell formidling, og vi må difor bevare det gjennom aktiv bruk. Finansieringa skal bidra til at NRK kan skjøtte sitt oppdrag som allmennkringkastar og sikre redaksjonelt sjølvstende og legitimitet. NRK skal vere bevisst sine konkurransefordelar og bidra til meir, ikkje mindre, mediemangfald.

Internett og sosiale medium har endra vilkåra for offentlege ytringar. Hatefulle ytringar kan ha alvorlege konsekvensar både for den det gjeld, og for samfunnet i det heile. Som samfunn må vi difor kjempe mot hatefulle ytringar.

Skolen som fellesarena

Barnehage og skole er dei viktigaste fellesarenaene i samfunnet for danning, utdanning og sosial mobilitet. Utdanningssystemet skal gi alle like moglegeheter til å utvikle seg som menneske gjennom kunnskap og meistring.

Eit velfungerande utdanningssystem er avgjerande for utviklinga av og velstanden i samfunnet og for velferda til den einskilde. Staten har ansvar for å syte for at utdanningssektoren blir utvikla og teken vare på på ein forsvarleg måte.

Valfridom og handlingsfridom har som føresetnad informasjon og kunnskap om konsekvensar av val. At kunnskap blir utbreidd, gjev maktspreiing i samfunnet og både tryggleik og moglegeheter for individet. Kunnskap formidlar kultur og identitet, skaper haldningar og gjev åndeleg og materiell vekstkraft til individ og samfunn. Høgre legg stor vekt på å gje alle innbyggjarane i landet gode og likeverdige vilkår for utdanning.

I eit omskifteleg samfunn blir det vanskelegare å sjå for seg kva slags kunnskap vi treng i framtida. Det vil seie at grunnleggjande ferdigheiter blir viktigare, men òg at skolen skal gi rom for djupnelæringer, refleksjon og kritisk tenking.

Kap. 5: Økologisk berekraft

Forvaltaransvaret krev ein politikk som tek vare på naturen og forvaltar samfunnsverdiar i eit generasjonsperspektiv. Kvar generasjon har ansvar for å utvikle samfunnet og ikkje overforbruke ressursar. Høgre meiner vi har ansvar for at etterkomarane våre skal få ta over eit samfunn i betre stand enn det vi sjølve tok over. Vern og bruk må i hovudsak byggje på lokal tilslutning og forvaltning, med sikte på å ta vare på artsmangfaldet i naturen.

Forvaltaransvar

Høgre legg til grunn at forureinaren skal betale, og at ein skal vere føre var. Høgre meiner innsatsen for eit betre miljø må setjast inn der han gjev dei beste resultata. Det er like fullt viktig at Noreg òg set av store ressursar og aukar innsatsen for å gjere det norske samfunnet meir klima- og miljøvenleg. Prinsippet om å unngå irreversible, varige og alvorlege klimaendringar må ligge til grunn i klima- og miljøpolitikken. Klimagasskutta må skje samtidig med ein stabil økonomisk vekst. Eit grønare skatte- og avgiftssystem vil setje marknaden i stand til å handtere miljøkostnadene i samfunnet. Dei mest kostnadseffektive klimatiltaka skal alltid prioriterast først for å nå klimamåla. Satsing på forsking og utdanning er avgjerande verkemiddel for å løyse miljøutfordringane i framtida.

Auka bruk av fornybare ressursar vil vere avgjerande for eit vellykka grønt skifte. Berekraftig bruk er den beste forma for vern.

Privat eigedomsrett er ein føresetnad for eit samfunn med fridom og utvikling. Gjennom generasjonar har menneske teke vare på og forvalta natur- og miljøverdiar. Høgre legg difor stor vekt på respekt for den private eigedomsretten og for den lokale råderetten.

Marknadsløysingar og teknologioptimisme

Høgre trur på framtida og den evna menneska har til å finne nye løysingar på felles utfordringar som fattigdom, sjukdom, klimagassutslepp og miljøydeleggingar. Den evna menneska har til å ta ansvar og til å skape gjennom ny kunnskap og teknologi, gjev grunnlag for optimisme.

Kimaløysingane til Høgre skal vere framtidsretta, marknadsbaserte og teknologidrivne. For å lykkast med ei grøn omstilling må det brukast kunnskapsbaserte verkemiddel som stimulerer til og gjer det enklare å velje grøne løysingar.

Grenseoverskridande utfordringar

Miljø- og klimautfordringar er grenseoverskridande, og må møtast aktivt og forpliktande både lokalt, nasjonalt og globalt. Økonomisk vekst, handel og utvikling har lyft millionar av menneske ut av fattigdom. Samtidig aukar folketalet i verda, og fleire menneske vil ha eit veksande behov for mat og energi. Grøn omstilling handlar difor om å kople vekst fri frå utslepp, fordi vekst har òg gjeve oss menneskeskapte klimaendringar.

Klimaendringane er reelle og farlege. Dei representerer ei grunnleggjande utfordring for samfunnssystemet vårt og økonomien vår. Globalt er trusselen størst for fattige menneske i utviklingsland, der værendringar allereie gjer livsvilkåra vanskelegare.

Klimakampen er difor både ei nasjonal og global oppgåve, og inneber ei moralsk forplikting.

Noreg skal ha ei leiande rolle i kampen mot klimaendringane og i utviklinga mot eit grønt samfunn.

Kap. 6: Ein berekraftig utanrikspolitikk

Høgre har som mål for norsk utanrikspolitikk å fremje norske interesser og bidra til avspenning og auka internasjonalt samarbeid. Det er spesielt viktig med samarbeid for å løyse grenseoverskridande utfordringar knytte til klima, fattigdom, migrasjon og terrorisme. Som eit lite, men strategisk viktig land med ein open økonomi er vi tente med å bidra til gode rammer for internasjonal handel og sikring av ein internasjonal rettsorden.

Norsk utanrikspolitikk skal bidra til at vi når FNs berekraftsmål, sikrar internasjonal avspenning, gir respekten for menneskerettane større global utbreiing, og skaper ein friare verdshandel. Vi skal vere ein førtutseileg og påliteleg partnar for våre allierte. Målet med norsk bistand er å kjempe mot fattigdom, førebyggje krig og flyktningstraumar og hjelpe andre nasjonar og innbyggjarane deira til å hjelpe seg sjølv.

Internasjonalt medansvar

Det internasjonale samfunnet er avhengig av statar som forvaltar suvereniteten sin på ein ansvarleg måte. Samtidig er det internasjonale samfunnet annleis enn det nasjonale, fordi det i mindre grad har maktmiddel som kan setje sanksjonar bak vernet om liv, fridom og verdighet. Det gjer verdssamfunnet sårbart. Difor er det viktig å kombinere respekt for eigenarten til nasjonane med forpliktande internasjonalt samarbeid.

Når dei globale utfordringane veks, krev det samarbeid på tvers av nasjonale grenser i langt sterkare grad enn før. Difor meiner Høgre det er viktig å byggje og støtte opp om sterke, effektive og demokratiske internasjonale institusjonar som bidreg til eit fredeleg og rettferdig verdssamfunn, og som ser utvikling og økonomi i samanheng.

Høgre meiner at ein fri og rettferdig verdshandel som gir like vilkår for alle land, er ein grunnleggjande føresetnad for nasjonalt sjølvstende, økonomisk vekst og velferd. Difor vil Høgre støtte opp om utviklinga av ein rettferdig global marknadsøkonomi og eit felles sett av regelverk gjennom WTO, kjempe mot ulovleg kapitalflukt og skatteunndraging og støtte det internasjonale arbeidet for ei betre og meir effektiv skattlegging av internasjonale selskap.

Høgre meiner òg at Noreg har plikt til å bidra til rettsstatsutvikling og demokratiutvikling og til å fremje likestilling i verda. Noreg må yte målretta bistand som bidreg i kampen mot fattigdom, sjukdom og miljøøydeleggingar, til å verne rettane til minoritetar og til å byggje sivile samfunn og berekraftige styresett. Høgre meiner det er spesielt viktig å vere med på eit lyft for utdanning av jenter på verdsbasis for å bidra til varige endringar og vekst..

Høgre legg avgjerande vekt på avgjelder tekne i FNs tryggingsråd, og vil at Noreg gjennom andre internasjonale samarbeidsorgan, som mellom anna EU, OSSE og NATO, skal delta i arbeidet for å fremje demokrati og tryggleik – om nødvendig også gjennom militære operasjoner.

Verda er ikkje tent med ein handelskrig der einskildland set opp tollbarrierar. Tollbarrierane må reduserast, og Noreg må støtte utviklinga av ein rettferdig global marknadsøkonomi og eit felles sett av regelverk gjennom WTO. Den frie handelen sikrar at land blir gjensidig avhengige, og bidreg til avspenning og økonomisk utvikling.

Europeisk integrasjon

I Europa har vi i stor grad eit felles verdigrunnlag og felles demokratiske, økonomiske og kulturelle tradisjonar. Difor er det i verdsdelen vår naturleg å søkje tettast mogleg samarbeid for å løyse felles utfordringar for innbyggjarane og landa våre når det best sikrar dei verdiane og tradisjonane vi ønskjer å halde på. Noreg bør søkje medråderett i og medansvar for samarbeidet i Europa.

EØS-avtalen og tilgang til EUs indre marknad er ein viktig føresetnad for å sikre arbeidsplassane og velferda i det norske samfunnet. Høgre meiner vi bør søkje deltaking i dei europeiske fora som vil tene norske interesser, særleg innanfor justis-, forsvars-, migrasjons- og klimaområda. Høgre meiner Noreg må bli ein fullverdig medlem av EU.

Nordisk samarbeid

Norden er ein av dei mest integrerte regionane i verda, og det nordiske samarbeidet har lange og gode tradisjonar. Dei banda Noreg har til sine nordiske granneland, er ein strategisk styrke, og har ein kulturell eigenverdi. Høgre meiner vi er tente med eit varig og tett nordisk samarbeid på dei fleste samfunnssektorane. Det sikrar norsk verdiskaping og sysselsetting, og gjev oss betre konkurransekraft og evne til økonomisk omstilling. Med våre nordiske grannar deler vi språk, kultur, verdisyn og interesser. I internasjonalt samarbeid er vi dei nærmeste venene og partnarane. Regionalt samarbeid og samhald styrkjer gjennomslagskrafta og evna vår til å handtere vår tids store felles utfordringar.

Eit sterkt forsvar

Statens viktigaste oppgåve er å syte for at innbyggjarane er trygge og sikre. Eit sterkt forsvar og alliansesamarbeid er ein føresetnad for eit fritt og sjølvstendig Noreg. Beredskap er viktig og inneber eit truverdig forsvar, god kommunikasjon og stabil matforsyning.

Høgre ser fred og fridom som eit avgjerande vilkår for å halde på demokratiet vårt og rettstryggleiken vår. Forsvaret skal vere ei forsikring for Noreg, uavhengig av den aktuelle militære trusselen. Høgre erkjenner at ein militær trussel kan oppstå langt raskare enn ein kan byggje opp militær evne og organisasjon. Forsvaret må ha ei stridsevne som er på eit nivå som tek omsyn til det.

Kvar einskild borgar har plikt til å forsvere fedrelandet mot ytre truslar. Den allmenne verneplikta må ha ei truverdig og meiningsfull utforming, og vere lik for alle ho omfattar. Allmenn verneplikt bevarer forsvarsviljen, som det tydelegaste uttrykket for den plikta kvar einskild borgar har andsynes storsamfunnet.

Tryggingsgarantien vår som medlem av NATO-samarbeidet er avgjerande for både norsk utanriks- og tryggingspolitikk og for tryggleiken til landet i både fred, krise og krig. På same måte som allierte er forplikta til å stille opp for Noreg om det skulle krevjast, pliktar vi også å ta del i forsvaret av våre allierte. For at NATO-samarbeidet skal bestå som ein effektiv og truverdig forsvarsallianse, erkjenner Høyre at det må vere ei rimelig byrdefordeling innanfor alliansen. Det er avgjerande at Noreg lojalt følgjer opp sine allianseplikter og bidreg til at dei andre landa gjer det same.